

Samandrag Egilssoga / Egils saga Skallagrimssonar

Tala er kapittelnummer

Torolv Kveldulvsson

- Harald Hårfagre legg Noreg under seg. Kveldulv prøver å halde seg unna striden og kongen, men sendemann frå kongen krev at han eller ein son blir hirdmann. 3-5.
- Bjørgolv, lendmann på Hålogaland, bonde på Torgar, far til Brynjolv, er gammal mann, men held «lausbryllaup» med Hilderid Hognesdotter, får sønene Hårek og Rørek, som er jamgamle med Bård, son til Brynjolv. Bjørgolv dør, Brynjolv jagar Hilderid-sønene utan farsarv. 7.
- Torolv Kveldulvsson og Bård Brynjolvsson blir hirdmenn hos kong Harald, blir vener. Bård blir gift med Sigrid Sigurdsdotter på Sandnes, Hålogaland, og blir lendmann når Brynjolv dør. 7-8.
- Bård fell i Hafrsfjord, gjev Torolv heile arven sin, med kona Sigrid. Kongen gjev Torolv lendmannsombodet òg, med finneskatten. 9.
- Hilderid-sønene krev farsarven sin frå Torolv, som før frå Bård. Torolv avslår, seier Bård sa dei var frillesøner. 9.
- Kong Harald mistenkjer Torolv for svik mot kongen; blir baksnakka av Hilderid-sønene. 12.
- Kongen tek Hålogalands-sysla og garden Torgar frå Torolv og gjev til Hilderid-sønene. Torolv flytter til Sandnes. 13-16. Kongen v/ brørne Hallvard og Sigtrygg tek handelsskipet til Torolv, med last. 18.
- Torolv hemner seg: Tek eit lasta handelsskip som kongen eig, plyndrar og brenner garden til Hallvard og Sigtrygg, tek enda eit norsk handelsskip, herjar i riket til kong Harald. 19.
- Skallagrim gifter seg med Bera Yngvarsdotter og tek over garden til Kveldulv. 20.
- Kong Harald drep Torolv. 22.
- Kongen gifter Øyvind Lambe med Sigrid, enkja etter Torolv, og han tek over Sandnes. 22.
- Kjetil Høng d.y. drep Hilderid-sønene som hemn for Torolv, rømer til Island. 23.
- Skallagrim bed kongen om bot for Torolv, men gjer kongen sint når han avslår tilbod om å bli hirdmann, og kongen sender folk for å drepa han. 25.
- Kveldulv og Skallagrim hemner seg: Drep Hallvard og Sigtrygg, og sønene til Guttorm Hjortsson, som er morbror, fosterfar og ungdomsriksstyrar til kong Harald. Dei rømer til Island. 27.
- Kveldulv dør på overfarten, 27. Skallagrim tek land i Borgarfjorden på Vest-Island. 28-29, 30.

Torolv Skallagrimsson og Egil

- Torolv og Egil Skallagrimssøner blir fødde på Island, liknar Torolv Kveldulvsson og Skallagrim. 31.
- Bjørn Brynjolvsson i Aurland i Sogn frir til Tora Ladhand, dotter av Tore herse i Fjordane, men får "nei". Bortfører henne, rømer frå landet, hamnar på Shetland, gifter seg med henne, får veta at han er utlæg i Noreg pga. bortføringa. 32-33. Fer til Island, hamnar hos Skallagrim og får hjelp. Skallagrim blir sint når får veta samanhengen, for Tore herse er fostbror hans. Bjørn berga av Torolv, dei er vortne godvener. 33-34. Sendemann frå Skallagrim, overtala av Torolv, fer til Tore herse og får forlik for Bjørn. 35. Bjørn og Tora fer heim til Noreg, i lag med Torolv, og Bjørn kjem på god fot med Tore h. 35.
- Bjørn og Torolv fer i viking, kjem heim med nytt skip. Besøker Tore herse, som fostrar Eirik Blodøks kongsson (Haraldsson). Torolv gjev Eirik skipet. 36.
- Tore herse og Eirik Blodøks, overtala av Bjørn, fer til kong Harald og bed om forlik for Torolv Skallagrimsson. Kongen lovar å spa han, men krev at han held seg unna. 36.
- Eirik B. får styringa i Hordaland og Fjordane. Blir gift med Gunnhild. Torolv hirdmann hos Eirik. 37.
- Torolv fer heim til Island. Kong Eirik sender med stasøks som gav til faren. Skallagrim vanvørder ho og øydelegg ho, sender ho attende til Eirik når Torolv fer til Noreg att. Torolv kastar øksa i havet. Egil trugar seg til å bli med Torolv til Noreg. 38, 40.
- Torolv gjev kong Eirik langsskipssegl, seier det er frå Skallagrim, seier at Skallagrim takka for øksa. 41.
- Egil møter Arinbjørn, son til Tore herse, blir godvener. 41.
- Torolv gift med Asgjerd, dotter til Bjørn Brynjolvsson og Tora, oppfostra hos Skallagrim og Bera. 42.
- Egil er heime frå bryllaupet pga. sjukdom. Kvinknar til, blir med hus-kar på anna ferd. Hamnar på Atløy i Sunnfjord, på kongsgard hos årmannen Bård, som lyg at han ikkje har øl å by dei, men kong Eirik kjem på gjesting og bed dei inn. Bård prøver å drikke dei under bordet, dronning Gunnhild prøver å forgifte Egil. Egil drep Atløy-Bård, og så tre mann for å komma seg unna. 43-45.
- Kong Eirik går med på forlik pga. Tore herse, men krev at Egil snart reiser frå landet. 45.

- Egil og Torolv herjar i Kurland og Danmark, brenner Lund, 46-48. Er om vinteren hos Tore herse og Arinbjørn; Egil er der pga. Arinbjørn, mot Tore sin vilje.
- Øyvind Skrøya, bror til dronning Gunnhild, drep Torolv-mann på eit blot, skulle ta Egil eller Torolv. Øyvind blir utlæg (fredlaus), fer til Danmark. 49.
- Egil tek to skip frå Øyvind Skrøya i Jylland, drep mykje folk for han og nære på han sjølv. 49.
- Torolv og Egil i teneste hos kong Adalstein i England, er med og slår ned oppreist frå kongane i Skottland og Wales. Torolv fell fordi kongen har skilt han og Egil i hærstillinga, mot Egil sin vilje. Adalstein løner Egil stort, tilbyd Egil len i England, sender to kister med sølv til Skallagrim, sonebot. 50-55.

Egil åleine

- Egil vil ta imot len, men oppsøker først Asgjerd, enkja etter Torolv, blir gift med henne. 56.
- Egil fer heim til Island, etter 12 vintrar i utlandet. Gjev ikkje Skallagrim sølvet frå Adalstein. 56.
- Gulatinget: Bjørn Brynjolvsson døyr, Asgjerd dotter er arving. Berg-Onund på Askøy har teki arven, er gift med halvsyster til Asgjerd, er ven med kong Eirik og Gunnhild. Egil og Asgjerd fer til Noreg og krev arven, stemner Berg-Onund til Gulatinget. Egil har støtte av Arinbjørn og Tord, bror hans i Aurland, som vel fleirtalet av dommarane. Berg-Onund avviser kravet fordi Asgjerd var ”frilledotter”, hærtaken. Egil held på å vinne fram i retten, Gunnhild-menn jagar dommarane. Egil flyr med skip, kongsmenn etter, Egil nære på på drepa kong Eirik, Egil kjem seg så vidt unna. 56.
- Egil drep Berg-Onund med 15-20 mann og plyndrar garden hans, og drep Ragnvald, son til Eirik og Gunnhild, og reiser nidstong mot kongen og dronninga. 57.
- Håkon Adalsteinsfostre, bror til Eirik, tek Noreg. Eirik rømer, blir landverjar for kong Adalstein i Northumberland, bur i York. Arinbjørn blir med. 59.
- Dronning Gunnhild seidar at Egil ikkje skal få ro på Island. Egil fer frå Island, storm fører han til York. Egil berga med Arinbjørn si hjelp og med lovvede om kong Eirik, Hovudløysinga (*Høfuðlausn*). 59-61.
- Adalstein byd Egil å bli hærsjef. 62.
- Egil vil ta imot, men først krevja Asgjerd-arven, som Atle Skamme no har, bror til Berg-Onund, og så sjå om Asgjerd på Island. Egil får med jartegner frå Adalstein til kong Håkon, både for seg og for Arinbjørn-slekting Torstein Torasson, som Egil skal hjelpe med liknande arvesak. Torstein får arv og lendmannsnamn av kongen. Egil får lov å prøve arvesaka på ting, men får ikkje bli kongsmann, slik han bed om. 62-63.
- Egil feller Ljot den bleike i holmgang på Sunnmøre, for å berge Fridgeir, systerson til Arinbjørn. 64.
- Egil stemner Atle Sk. til Gulatinget, Atle kan vinne, Egil utfordrar til holmgang, drep han, får arven. 65.
- Egil fer heim, er heime i mange år. 66.
- Eirik Blodøks fell, Arinbjørn fer heim til Noreg. Egil besøker han, vil krevja arven etter Ljot den bleike, som ein kongsårmenn har teki. Arinbjørn står ikkje på god fot med ny-kongen, vil ikkje prøve på tinget; gjev i staden Egil løn for å ha frelst Fridgeir. 67.
- Egil og Arinbjørn i viking i Tyskland og Frisland. Arinbjørn fer til Eiriks-sønene i Danmark. 69.
- Kong Håkon krev at Torstein Torasson fer på farleg skattkrevjarferd til Vermland eller fer frå landet, for han kan ventast å stø Eiriks-sønene. Egil tek på seg ferda, bergar seg gjennom svik og overfall, kjem att med skatten og visse om at Vermlands-jarlen er kongssvikar. Torstein får forlik med kongen. 70-76.
- Egil fer heim [og er heime resten av livet]. 76.
- Bodvar, kjæraste sonen til Egil, druknar. Egil vil svelte seg i hel, kved Sonetapet (*Sonatorrek*). 78.
- Eiriks-sønene drep kong Håkon, Harald Gråfell blir konge, Arinbjørn blir hærsjef. Egil diktar Arinbjørnskvida (*Arinbjarnarkviða*). Arinbjørn fell med kong Harald, Håkon jarl får Noreg. 78.
- Einar Skålglam og Egil blir vener. Einar gjev Egil stasskjold som han har fått av Håkon jarl. Egil vil drepa han, vanvørder skjoldet og øydelegg det. 78.
- Asgjerd døyr, Egil gjev sonen Torstein garden, flytter til Tordis stedotter på Mosfell, bygd sunnafor. 79.
- Steinar Önundsson tek Torstein sitt utmarksbeite. Torstein drep to av gjetarane, Steinar stemner Torstein til tings. Ser ut som han vinn fram, men Egil kjem og snur saka, dømer Steinar frå garden og grunn. Steinar prøver å drepa Egil to gonger, Steinar blir til slutt jaga frå bygda. 80-84.
- Egil er gammal og blind stakkar, gøymer kistesølvet, døyr. 85.